

Kartverket
Christian Mathiesen
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.
06/01913-67

Vår ref.
24/1379-6/LLH

Dato
16.01.2025

Åseral kommune – namnesak 2024/211 – Bronåsknuten/Brunåsen/Tippin – tilråding

I samband med namnsetting av dagsturhytter har Kartverket reist namnesak på eit naturnamn i Åseral kommune. Kartverket skriv i oppstartsbrevet «I dag er det registrert to namn på åsen i Sentralt stadnamnregister (SSR): *Bronåsknuten* og *Brunåsen*. I samband med ein namnekonkurranse for å namngi dagsturhytta har det komme fram at åsen eller toppen av åsen òg er kalla *Tippin*».

Åseral kommune har gjennomført høyringsrunde, og har fått inn éi fråsegn. Det er frå ein privatperson som skriv «I alle år har jeg hørt at området der dagsturhytta står omtales som «Tippin» og mener det er korrekt. Det er navnet vi alltid har brukt. Når det gjelder «Brunåsen» er det området i nordenden av dagens fotballbane hvor det før var en hoppbakke. Når det gjelder «Bronåsknuten» har jeg aldri hørt dette navnet tidligere». Kommunen sjølv skriv i oversendingsbrevet «Vi har tidlegare i saka argumentert for namnet Tippin. Åseral kommune har hatt ein namnekonkurranse på dagsturhytta vår, og det var namnet Tippin som vant denne konkurransen. Den eine fråsegna som er komen inn går og for same namnet saman med ei grunngjeving for dette. Vi ber derfor om at namnet Tippin vert godkjent som namn på dagsturhytta vår».

Språkrådet bad deretter kommunen om fleire opplysningar i saka, og spurte om kommunen hadde sendt saka til relevante lokale organisasjonar. Kommunen sendte saka til Åseral Mållag, som skriv i si fråsegn «Mållaget har tala med innbyggjarar som er busett i Kyrkjebygd, og som har brukt desse namna i sin daglegtale i fleire generasjonar. Dei er samstemde om at uttalen er slik: Brunåsen er namnet på åsen og Tippin er namnet på toppen der dagsturhytta står. Åseral mållag vil difor i sin uttale be om det er desse namna som blir brukt vidare».

Namna er ikkje registrerte i Heradsregisteret. I Språkrådets registreringsverktøy er namnet registrert som *Bronåsknuten* med merknaden «Retting av skrivemåte» (prosjektet frå Åseral var i kommunal regi, og gjaldt digitalisering av tidlegare innsamla namn). Her er det altså

Postadresse	Besøksadresse	Sentralbord	E-post	Organisasjonsnummer
Postboks 1573 Vika NO-0118 Oslo	Observatoriegata 1 B NO-0254 Oslo	+47 22 54 19 50	post@sprakradet.no Internett www.spraakradet.no	971 527 404

ikkje samsvar mellom opplysninga i registreringsverktøyet og dei innkomne fråsegnene. Oppføringa i registreringsverktøyet er ikkje datert, og det står ikkje kven som er informant eller oppskrivar. På Økonomisk kartverk (ajourført 1972) står namnet *Bronåsknuten*, medan det på dei seinare karta i serien Norge 1:50 000 står *Brunåsen* på utgåvene frå 1979, 1993 og 2001, og deretter *Bronåsknuten* på utgåva frå 2011. Namnet står ikkje på eldre gradteigskart. Det synest med dette uvisst kva for namneform som opphavleg har vore nytta. Fråsegnene er derimot eintydige på at det er forma utan etterleddet *-knuten* som er i bruk i dag, og sidan grunnlaget for forma med *-knuten* verkar å vere svakt dokumentert, er det rimeleg å prioritere namneforma *Brunåsen*.

Føreleddet *Bron-/Brun-* kjem rimelegvis av gammalnorsk *brún*, som tyder 'kant', som ein finn att i moderne norsk 'augnebryn'. Åsdølmålet har normalt vokalen *-u-* av gammalnorsk *ú*, med diftongering i tradisjonelt mål. Dette, og det at fråsegnene stør opp om denne uttalen, gir grunnlag for å tilrå skrivemåte med vokalen *-u-*.

Når det gjeld namnet *Tippin*, forstår vi det som lokalisert til sjølve toppen av Brunåsen, og det høver godt for namnet, som kjem av *tipp* 'spiss' eller 'ytste del av noko', ein stad ein kan tippe noko utføre'. Bøyingsendinga *-in* tilsvarer normert ending *-en*, men i dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn (punkt 4.3.3) heiter det at «[n]år særlege grunnar talar for det, kan endinga *-in* nyttast i samsvar med dialektuttalen». Fråsegnene om forma *Tippin* er eintydige, og ho synest godt innarbeidd, jf. mellom anna at ho er vald som namn på den aktuelle dagsturhytta. Ein kan såleis argumentere for at det her ligg føre «særlege grunnar» for å nytte bøyingsendinga *-in* (jf. punkt 1.9 i dei utfyllande reglane).

På dette grunnlaget tilrår vi namnet og skrivemåten **Brunåsen** på åsen, og **Tippin** som namn og skrivemåte på toppen av åsen.

Vennleg helsing

Rune Røstad
namnekonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Line Lysaker Heinesen
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakarar:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------

Kopi til:

Rune Røstad